



Kinn kommune

Personal og organisasjon

Rolf Vallestad Sunde
Furuholtvegen 7
6906 FLORØ

Vår ref.:

25/11229 - 26/35884 / CIFÆ

Dykkar ref.:

b8d43b97-ad3d-4278-b812-
0dc36018dd44

Dato:

02.06.2026

Delvis innvilga innsyn – delvis avslag etter offentleglova

Vi viser til ditt innsynskrav datert 20.05.2026 der du ber om innsyn i dokument knytt til eventuelle stillingsendringar, endringar i ansvarsområde eller stillingsnemning for Torgeir Halvorsen ved Kinn kulturskule i perioden 2018–2026.

Kinn kommune har vurdert kravet etter offentleglova §§ 13–26. Etter ei samla vurdering får du delvis innsyn i dokumentasjonen du har bedt om.

Følgjande dokument vert utleverte:

- Arbeidsavtale som inspektør frå 01.01.2018 (delvis sladda)
- Intern e-post datert 10.04.2018
- Intern e-post datert 07.08.2018 (delvis sladda)
- Arbeidsavtale som avdelingsleiar frå 01.01.2020 (delvis sladda)
- Internt notat/personalmelding datert 05.12.2024 (delvis sladda)
- Personalmelding datert 03.07.2025

Grunngjeving

Dei utleverte dokumenta inneheld enkelte opplysningar som er unnatekne frå innsyn etter offentleglova § 13 første ledd, jf. forvaltningslova § 13 første ledd nr. 1.

Dette gjeld:

- fødselsnummer og adresse i arbeidsavtale datert 01.01.2018,
- opplysningar om ein annan tilsett i intern e-post datert 07.08.2018,
- fødselsnummer i arbeidsavtale datert 01.01.2020,
- tilsettnummer i internt notat datert 05.12.2024.

Desse opplysningane er underlagde lovbestemt teieplikt og er derfor sladda før dokumenta vert utleverte.

Kommunen har på nytt gjennomgått relevante arkiv og personaldokument for perioden 2018–2026 for å undersøkje om det finst vedtak, notat, drøftingsreferat med tillitsvalde, stillingsinstruksar eller andre dokument som særskilt dokumenterer endring frå inspektør til assisterande rektor og/eller avdelingsleiar.

Adresse

Postboks 294, 6701
MÅLØY

Telefon

57 75 60
00

Org. nr

820 956
532

E-post

post@kinn.kommune.no

Internett

www.kinn.kommune.no

Gjennomgangen har ikkje avdekt ytterlegare dokument enn dei som no vert utleverte.

Dei dokumenta som er funne viser at Torgeir Halvorsen vart tilsett som inspektør frå 01.01.2018, og at det ligg føre arbeidsavtale som avdelingsleiar frå 01.01.2020. Kommunen har ikkje funne eigne vedtak eller andre saksdokument som nærare omtalar bakgrunnen for eller vurderingane knytte til denne endringa.

Kommunen kan utover dette ikkje gi nærare opplysningar gjennom behandlinga av innsynskravet enn det som går fram av dei dokumenta som vert utleverte.

Vurdering av meirinnsyn

Vi har vurdert om det kan givast meirinnsyn etter offentleglova § 11. Etter ei konkret vurdering har vi kome til at det ikkje er grunnlag for meirinnsyn i dei opplysningane som er sladda, då desse er underlagde lovbestemt teieplikt.

Klagerett

Då det er gitt delvis avslag kan avgjerda om avslag på innsyn i delar av dokumentasjonen klagast på etter offentleglova § 32. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet du mottek dette brevet.

Klaga bør nemne kva vedtak du klagar på, grunngjevinga for klagen og eventuelt kva for dokument eller opplysningar du ønsker innsyn i.

Dersom Kinn kommune opprettheld vedtaket etter ny vurdering, blir saka sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Klaga kan sendast på ein av følgende måtar:

- Kinn kommune, Postboks 294, 6701 Måløy
- eDialog
- post@kinn.kommune.no

Vi ber om at du oppgjev saksnummeret for innsynssaka i all vidare korrespondanse, slik at vi kan handsame saka di raskt og korrekt.

Helsing

Cicilie Færestrand
personalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Runa Nybakk

Vedlegg

Arbeidsavtale inspektør 01.01.2018 (delvis sladda)
Intern e-post 10.04.2018

Vedlegg

Intern e-post 07.08.2018 (delvis sladda)

Arbeidsavtale avdelingsleiar 01.01.2020 (delvis sladda)

Internt N-notat datert 05.12.2024 (delvis sladda)

Personalmelding - Prolongering av løn 03.07.2025